
Saksnr: 2020/51601-12
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021
Fylkesutvalet		26.03.2021

Eigarstrategi for Grieghallen IKS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek vedlagde eigarstrategi for Grieghallen IKS

Samandrag

Kontrollutvalet har bede fylkesordføraren om tilbakemelding på korleis fylkeskommunen følgjer opp Hordaland fylkesting sitt vedtak i PS-sak 107/18 (11.12.2018), «Selskapskontroll av Grieghallen IKS».

Etter å ha konferert med fylkesordføraren, er fylkesrådmannen si vurdering at den delen av Hordaland fylkesting sitt vedtak som rettar seg mot eigar, best kan følgjast opp i ein felles eigarstrategi med den andre eigaren av selskapet, Bergen kommune. I denne saka legg fylkesrådmannen fram utkast til ein slik felles eigarstrategi.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast til eigarstrategi for Grieghallen IKS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har bede fylkesordføraren om tilbakemelding på korleis fylkeskommunen følgjer opp Hordaland fylkesting sitt vedtak i PS-sak 107/18 (11.12.2018), «Selskapskontroll av Grieghallen IKS».

Den delen av Hordaland fylkesting sitt vedtak som retta seg mot fylkeskommunen, fekk fylkesordføraren ansvaret for å følgje opp, sidan dåverande konstituert fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune var styremedlem i selskapet.

Følgjande del av vedtaket står att for Vestland fylkeskommune å følgje opp:

*«Følgje opp KS og Vestland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.»*

Etter å ha konferert med fylkesordføraren, er fylkesrådmannen si vurdering at desse tilrådingane best kan følgjast opp i ein felles eigarstrategi med den andre eigaren av selskapet, Bergen kommune.

Forutan Bergen kommune har også fylkeskommunen sin medlem og varamedlem i representantskapet, Marthe Hammer og Karstein Birkeland, kome med innspel til strategien.

Med den felles eigarstrategien stiller eigarane krav om korleis styreval skal grunngjevast, at selskapet utarbeider rutinar for styrearbeid og at styreverv skal registrerast i KS sitt styrevervregister. Strategien skildrar også korleis eigarskapsutøvinga skal skje. Strategien er minimalistisk og er såleis tilpassa aktiviteten i selskapet.

Fylkeskommunen sin varamedlem i representantskapet har tilrådd at eigarane vurderer å ta inn ei setning i eigarstrategien om at selskapet må gjere årlege risikovurderingar innanfor områda HMS, vedlikehald og finansiering. I samråd med Bergen kommune har fylkesrådmannen kome til at eit slikt punkt i eigarstrategien ikkje er naudsynt. I eigarskapsmeldinga har fylkeskommunen uttrykt at slike risikovurderingar er ei generell forventning til alle selskap fylkeskommunen er aksjonær i. Eigarrepresentanten vil derfor be om at selskapet opplyser om gjeldande system for risikostyring på det komande representantskapsmøtet i vår.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7. Fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Fylkeskommunen sitt føremål med selskapet er kulturelt. Grieghallen IKS eig og leiger ut bygget Grieghallen. IKSet si hovudoppgåve er å betene lånet selskapet har teke opp for å finansiere fornyinga av Grieghallen. Lånet vert finansiert med leigeinntekter frå leigetakar Grieghallen AS og med tilskot frå m.a. fylkeskommunen, kommunen og staten.

Som eigar av eit IKS, hefter fylkeskommunen for selskapet sine forpliktingar tilsvarande fylkeskommunen sin eigardel, som i dette tilfellet er 50 prosent.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje særskilt relevant.

Konklusjon

Den vedlagde eigarstrategien legg etter fylkesrådmannen sitt syn til rette for føremålstenleg eigarstyring og selskapsleiing og utkvitterer selskapskontrollen av Grieghallen IKS frå 2018. Fylkesrådmannen tilrår derfor at fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Grieghallen IKS slik han føreligg.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.03.2021

Marthe Hammer (SV) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho sitt i representantskapet til Grieghallen IKS. Hammer trådte frå under spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hammer var habil til å delta i saksbehandlinga. Hammer tiltrådte saksbehandlinga.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek vedlagde eigarstrategi for Grieghallen IKS.

Eigarstrategi
for
Grieghallen IKS

Føremålet med eigarstrategien

Eigarstrategien har til føremål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og gje rammer for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarstrategien skal reviderast ved behov.

Bakgrunn

Grieghallen IKS vart oppretta 21.06.13 for ei gunstig finansiering av fornyinga av bygget Grieghallen. Det var behov for å skifte ut teknisk og publikumsretta infrastruktur og sikre bygget sin funksjonsdyktigheit som kulturarena for Bergen Filharmoniske Orkester, Festspillene i Bergen og Bergen Nasjonale Opera. Føremålet var også å ta vare på dei arkitektoniske kvalitetane ved bygget.

Grieghallen IKS har som hovudoppgåve å forvalte opptekne lån for fornying av Grieghallen. Selskapet søker om og betener låna med tilskotsmidlar. I tillegg betener selskapet låna med leigeinntekter selskapet får frå utleige av bygget til Grieghallen AS.

Vestland fylkeskommune og Bergen kommune eig kvar sin halvdel av selskapet.

Grieghallen IKS leiger ut Grieghallen til selskapet Grieghallen AS, som har forvaltningsansvaret for bygget, inkludert vedlikehaldsansvaret. Leigeavtalen gjeld fram til 2043, og leigetakar har etter dette rett på å få kjøpe bygget. Leigevederlaget er utrekna til i hovudsak å skulle dekke Grieghallen IKS sine administrasjonskostnader, årleg festeavgift, og årlege renter og avdrag for den gjelda som vart overdregen til Grieghallen IKS ved overføringa av bygget.

Krav til selskapet si verksemd

Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande regelverk og selskapsavtalen.

Eigarane forventar at drifta av selskapet er effektiv, at den skjer i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, og at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast og verifiserast via standardmetodikk.

Føremålet og rammene for selskapet skal til ei kvar tid gå fram av selskapsavtalen.

Eigarane viser elles til forventningar om samfunnsansvar, miljø og etikk skildra i eigarane sine eigarskapsmeldingar (tilgjengelege på nett). Selskapet skal m.a. vere tilslutta KS sitt styrevervregister.

Krav til styret:

Styret utfører oppgåvene sine slik desse går fram av lov og selskapsavtale. Styret skal fastsette styreinstruks og årsplan, og eigenevaluere arbeidet sitt ein gong kvart fjerde år.

Så lenge selskapet har dagleg leiar, skal styret også fastsette instruks for denne.

Gjennomføring av styreval

Eigarane ber selskapet om å nytte seg av ein eigen valkomité ved val til styret. Fylkesrådmannen og kommunaldirektøren skal utgjere valkomiteen. Komiteen skal jobbe for ei styresamansetjing kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald. Det er viktig at nokon av styremedlemene har økonomisk bakgrunn på grunn av dei finansielle aspekta ved selskapsforvaltninga.

Innstillingar til representantskapet skal vere skriftlege og grunngjevne.

Eigarskapsutøving

Eigarskapen skal utøvast i representantskapet og elles på ein måte som er i tråd med lov om interkommunale selskap.

Når leigeavtalen går ut i 2043, og dersom leigetakar overtek bygget for avtalt sum (16,3 mill. kr (skattemessig bokført verdi)), vil eigarane starte ein prosess for avvikling av Grieghallen IKS.

Møtedatoar for representantskapsmøte skal varslast i så god tid som råd og seinast tre månader før møtet. Endring av selskapsavtalen og andre saker som krev politisk behandling skal varslast seinast to månader før møtet.

Resultatmål

Eigarane har følgjande resultatmål for selskapet:

- Selskapet skal ha betalt ned låna knytt til fornying av Grieghallen til normert tid (2043).